

Hardeland-utstilling i august

17.06.2008



Magnus Hardeland (1905/1982) blir minna med Rød-utstilling i august.

Under den tradisjonelle museumsdagen på Rød, som i år er 17. august, blir det utstilling av måleri av Magnus Hardeland. I den sammenheng ønsjer primus motor Kristian Bringedal at alle som har måleri lånar dei ut til utstillinga. Også fleire i Uskedalen har måleri, som vil bli henta og levert attende straks etter.

Hardeland (1905/1982) var fødd i Fitjar men ætta frå Etne. Faren, Mikkjel Kristenson, gifte seg med Britanna Sigfusdotter Klette frå Kvinnherad. Magnus reiste i ung alder til Bergen og vart seinare buande der. Han gifte seg med Margot, født Gilleberg.

Han vart etter kvart ein velkjend teiknar og kunstmålar. Han vart oppdaga av Olav Hansen, som var redaktør av "Norsk Jol". Dei vakre landskapsbileta hans frå fjord og fjell heng i mange stover på våre trakter og andre stader. Han illustrerte historiske hendingar og laga sermerkte teikningar frå arbeids- og folkelivet i kvardag og helg.

Han var og ein habil portrettmålar. Mange kjende kvinner og menn frå sunnhordlandsbygdene, kvar med sine sermerke, feste han til lerretet. Han måla også fleire kjende uskedelinger og var fleire gonger i Uskedalen. Til dømes var han til Mannsvatnet saman med den såkalla Mannsbugjengen: Knut Markhus, Konrad Lunde, Ragnvald Vaage, Lars Haugland, Sigvald Eik og fleire andre.

Hardeland var også vel inne i heraldikken og har teikna mange heraldiske merke for kommunane på Vestlandet. Ei av dei siste oppgåvene hans var å teikna kommunevåpenet for Etne. Han teikna også fleire kommunevåpen, også det for Kvinnherad.

I skriftet til Etne Sogelag for 1986 står ein artikkel om Hardeland der han blir karakterisert som romsleg, foilkeleg og gjevande. Du fekk alltid noko når du var saman med han. Han var glad i alt det norske, natur og folkeliv, og sette pris på det fedrane hadde gjort.

Han er gravlagd på Fitjar.

Av Ola Matti Mathisen